

Modul 5

Søm i mannsbunad og innføring i tilpassing

Innhald

Deltakarane vil få ein teoretisk og praktisk gjennomgang av dei viktigaste detaljane på mannsbunaden i dei ulike stilperiodane. Det vil bli lagt stor vekt på å lære dei gamle saumteknikkane, og deira bruksområdet.

Omfang

- Innføring i tilpassing
- Lære om ulike snitt i mannsbunadene med bakgrunn i stilhistorie.
- Lære dei vanlegaste saumoperasjonane på ein mannsbunad. Ein gjennomgår:
 - Bukse med lokk og knelinningar. Trøye og vest med oppståande krage.
 - o Val av saumteknikk, og samansying av plagga.
 - o Montering av lommer.
 - o Montering av krage og slag.
 - o Ulike stikningar, dekorsaum og påsying av fløyelsbesetningar.
 - o Isetting av erme.
 - o Knapphull.
 - o Festing av knappar med skinnråd.
 - o Kvar skal vi halde inn og kvar skal vi strekke når vi syr?
- Vi ser på kva som skil snittet på dei gamle draktene frå dagens dressmote. Rørsle i plagga og utføring.

Læringsmål

- Deltakarane skal gjennom kurset få praktisk gjennomgang av dei vanlegaste detaljane på mannsbunad.
- Enkel innføring i tilpassing av mannsbunad.

Material

Lærarane har materialpakkar som kan kjøpast på kurset. Den vil innehalde stoff til bukse, vest og trøye i små størrelsar. I tillegg kjem lintråd, stoff til besetning, forstoff og knappar. Ein skal berre sy halve størrelsar. Ein brukar lintråd barbour no. 35 i mørk brun, svart eller kvit. Kan kjøpast hos lærar Joar Vaagø på kurset. Kostar om lag kr. 100,-.

Materialkostnadene vil bli om lag kr. 1000,-.

Om nokon har eiga bunad de vil arbeide med så er det mogleg. Føresetnaden for det er at ein har god kjennskap til bunaden og at den blir sydd for hand. Ein må sjølv ha mønster.

Sidan dette kurset vil ha fokus på handsaum vil det ikkje bli høve til å arbeide med maskinsydde bunader.

Det må meldast frå til lærarane om eventuelle i eigne prosjekt.

Joar Vaagø, e – post: jvaago@broadpark.no eller tlf.: 990 20 113

Som førebuing til kurset anbefalar vi å bruke bunadsleksikonet aktivt. Fin ut kva som kjenneteiknar dei ulike drakthistoriske epokane, som lengde, skulderbreidde, passform , lommer ,knappar, krage, slag, materialar osv. Forskjell på bunadene i dei ulike bunadskategoriene. Studere gammalt draktmateriale og akvarellar. Anbefalar folkedraktutstillinga på Bygdøy. Om du har høve til å studere gamle plagg nærare og sjå på saumdetaljar. Eksempel: kva veg saumrommet bretta, er det kasta ned eller sydd ned? Besetningar på krage og lommar, og korleis dei er laga. Fotografer gjerne plagg og tak dei med på kurset.

Fint om de har høvet til å øve litt på dei ulike stingvariantane på førehand. Du finn det meste i boka: *Sy bunad sjølv*, Ugland, Thorbjørg Hjelman, Gyldendal norske forlag a/s, 1997.

Deltakarane sitt utstyr

- Målband
- Knappenåler
- Kritt. Kvitt og farga
- Synåler
- 2 sneller bomull sytråd i ulike fargar
- 1 snelle svart bomull sytråd
- Fingerbøl eller syring
- Saks til stoff
- Saks til papir
- Spiss bordersaks
- Vinkellinjal/ linjal
- Skrivesaker inkludert blyant og viskelær
- Lintråd og voks til tråden
- Lærstrimler til isetting av knappar
- Ta gjerne med eiga lampe

Anbefalt litteratur:

- Haugen, Bjørn Sverre Hol: **Norsk Bunadleksikon** Damm og sønn, Oslo 2006.
 - Bunad- og folkedraktrådet* s.20-25
 - Norsk bunadhistorie* s.26-81
 - Barnebunad* s.82-95
 - Draktsmykker* s.96-125
 - Fottøy til folkedrakt og bunad* s.126-137
 - Materialbruk i norske bunader* s.138-159
 - Skikk og bruk i bunad* s.160-170
 - Hvordan ta vare på bunaden* s.171

- Ugland, Thorbjørg Hjelmen: **Sy bunaden sjøl.** Gyldendal norske forlag a/s, 1997.

- Christophersen, Kirsten Holtermann: **Drakthistorie.** 2000. ISBN 82-585-0940-3

- Astrup, Edle : **Sting og søm: i gammelt og nytt broderi.** Oslo. Aschehoug. 1973
Engelstad, Helen ISBN 82-03-05882-5
Molaug, Ragnhild B.